

(A) = Åpen, kan bestilles fra Arkeologisk museum i Stavanger
(B) = Begrenset distribusjon
(C) = Kan ikke utleveres

Rapport frå undersøking av
område med treskipa langhus frå
folkevandringstid, eldstadar og
kokegroper i Dirdal

Dirdal, gnr 78 / bnr 2,
Gjesdal kommune

Even Bjørdal

AmS saksnummer: 13/2006
Journalnummer: 06/281

Dato: 23.04.2007
Sidetal (inkl. vedlegg): 58
Opplag: 20

Oppdragsgjevar:
IVAR IKS / Gjesdal kommune

Stikkord:
Treskipa langhus frå folkevandringstid
Eldstadar
Kokegroper



Oppdragsrapport 2006/15
Arkeologisk museum i Stavanger
Avdeling for fornminnevern

Utgiver:
Arkeologisk museum i Stavanger
Box 478
4002 STAVANGER
Tel.: 51 84 60 00
Fax: 51 84 61 99
E-post: ams@ark.museum.no

Stavanger 2006

Rapport frå undersøking av område med treskipa langhus frå folkevandringstid, eldstadar og kokegroper i Dirdal

Dirdal, gnr 78 / bnr 2,
Gjesdal kommune

Even Bjørdal



Arkeologisk museum
i Stavanger

Rapport til topografisk arkiv



Arkeologisk museum
i Stavanger

Vår ref.:	Sakshandsamar: Olle Hemdorff, AmS	Arkivkode 613	Dato: 23.04.07
Kommune:	Gjesdal		
Gardsnamn:	Dirdal		
Gnr:	78		
Bnr:	2		
Lokalitetsnamn:			
Tiltakshavar:	IVAR IKS / Gjesdal kommune		
Adresse:	Postboks 8134, 4069 Stavanger		
Saka sitt namn:	Gjesdal kommune - VA-anlegg Gilja-Dirdal		
Fu saksnr:		Flyfotoreg nr:	
Journalnr:	06/281	Forninnenr:	
AmS saksnr:	13/2006	ID (Askeladden):	
		Kartblad og UTM:	
		H o h: 5 - 7 m	
Aksesjonsnr:	2006/30		
Museumsnr:	S12264		
Natvit. prøvenr:	2006/24-1 - 2006/24-9		
Fotonr:	Digitalt: 67949 - 68009		
Synfart (dato):	28.10.2005: Innledende befarung		
Ved:	Rogaland fylkeskommune, Kulturseksjonen: rapport 15.11.05		
Feltundersøking (tidsrom):	24.04 - 02.05.2006: Kulturhistorisk synfaring / registrering		
Ved:	Rogaland fylkeskommune, Kulturseksjonen: Camilla Zinsli og Morten Olsen. Rapport 09.05.06 av Morten Olsen		
Feltundersøking (tidsrom):	21.08 - 13.09.2006: Arkeologisk utgraving av område med påviste kokegroper		
Ved:	Arkeologisk museum i Stavanger: Olle Hemdorff (prosjektleder) Even Bjørdal (feltleder)		
Rapport:	Anja Magnussen og Benedikte Aaen (feltassistenter) Skriven innan perioden 26.10.06 - 22.04.07 av Even Bjørdal		
Gjeld:	Utgraving av lokalitet med treskipa langhus frå folkevandringstid, eldstadar og kokegroper i Dirdal, gnr 78, bnr 2, Gjesdal kommune.		

Innhaldsoversyn

1. Samandrag	s. 5
2. Innleiing	s. 6
2.1 Lokalisering	s. 6
2.2 Bakgrunn for undersøkinga	s. 6
2.3 Registrerte kulturminne i området	s. 7
2.3.1 I planområdet	s. 7
2.3.2 I nærområdet	s. 7
2.4 Om problemstilling og føremål med undersøkinga	s. 8
3. Om historia til staden og ei skildring av terrenget og objektet	s. 9
3.1 Historia til staden	s. 9
3.2 Skildring av terrenget	s. 9
3.3 Skildring av objektet før undersøkinga	s. 9
4. Tidsrom og deltakarar	s. 9
4.1. Tidsrom	s. 9
4.2. Gjennomføring, vértilhøve og tidsbruk	s. 10
4.3. Deltakarar	s. 10
5. Metode	s. 10
5.1 Graveteknisk metode	s. 10
5.2 Dokumentasjon	s. 11
5.2.1 Teikning	s. 11
5.2.2 Fotografering	s. 11
5.2.3 Innsamling av prøver	s. 11
5.2.4 Funn	s. 12
5.2.5 Innmåling	s. 12
5.3 Om utføringa av undersøkinga	s. 12

6. Om stratigrafi og kjeldekritiske aspekt	s. 13
6.1 Stratigrafiske tilhøve og funnfordeling	s. 13
6.1.1 Horisontalt	s. 13
6.1.2 Vertikalt	s. 14
6.1.3 Funnfordeling	s. 14
6.2 Kjeldekritiske aspekt	s. 14
7. Funnmateriale	s. 15
7.1 Funnmengde, funnkategoriar og materialtypar	s. 15
8. Skildring av anlegg / strukturar	s. 16
8.1 Innleiing	s. 16
8.2 Hus I	s. 16
8.3 Hus II	s. 17
8.4 Fleire fasar i langhusa ?	s. 20
8.5 Kokegroper/eldstadar	s. 20
8.6 Samanfatning	s. 21
9. Naturvitskapleg materiale	s. 21
9.1 Prøvemateriale til 14C - dateringar	s. 21
9.2 Makrofossilprøver	s. 22
10. Tolking av lokaliteten i lys av strukturar og funn	s. 22
10.1 Aktivitetar og aktivitetsområde	s. 22
10.2 Fleire fasar ?	s. 22
10.3 Sannsynleg datering	s. 22
11. Formidling og publikumskontakt	s. 22
12. Litteratur	s. 23
13. Vedlegg	s. 24
Vedlegg 1 Fotoliste	s. 25
Vedlegg 2 Liste over anlegg / strukturar	s. 29

Vedlegg 3	Liste over teikningar	s. 34
Vedlegg 4	Funnliste	s. 35
Vedlegg 5	Katalog	s. 36
Vedlegg 6	Liste over vitskapelege prøver	s. 38
Vedlegg 7	Dateringskjema	s. 39
Vedlegg 8a og b	Oversynskart over området:	
	a) Undersøkingfeltet si lokalisering i Dirdal	s. 46
	b) Kart som viser registrerte kulturminne i nærområdet (ikkje korrekt målestokk)	s. 47
Vedlegg 9	Oversynskart som viser lokaliseringa av undersøkingområdet på gnr 78/bnr 2	s. 48
Vedlegg 10	Oversynskart som viser lokalisering av x- og y-akse i måle- system og punkt for innmåling av feltkantar (F2-F20)	s. 49
Vedlegg 11	Liste over koordinatar	s. 50
Vedlegg 12	Liste over innmålte punkt	s. 51
Vedlegg 13	Profilteikningar av anleggsspor	s. 52
Vedlegg 14	Helliesen sitt kart frå 1902 over fornminne i nedre Dirdal. Henta frå Bang-Andersen 1977, s.198	s. 55
Vedlegg 15	Kopiar av utvalde teikningar av strukturar påvist v/ registreringa våren 2006	s. 56

Figurar:

- Figur 1 Foto av området ved undersøkingfeltet. Biletet er teke mot søraust og viser delar av flata ved Dirdalsåna med sjølve det utgravde området lokalisert like til høgre om jordhaugane i bakgrunnen...s.5
- Figur 2 Foto teke mot aust som viser maskinell flateavdekking på feltet. Feltassistent Anja Magnussen og maskinførar Svein Madland samarbeider om å fjerne dyrkingslaget. Delar av sjakt 4 frå registreringa er synleg med meir gråleg farge enn den nettopp avdekte undergrunnsmassa. Muren syner grense mot gnr 78 / bnr 1...s. 6
- Figur 3 Foto teke mot nordaust som syner delar av fornminnefeltet 34135 som ligg rundt hundre meter nord for undersøkingområdet.....s. 8
- Figur 4 Foto teke mot sør-søraust som viser feltet i høve til Dirdalsåna og den øydelagde brua...s. 15
- Figur 5 Foto teke mot nord som syner den delen av det undersøkte området som inneheldt anleggsspor knytt til Hus I og II. Ein kan m.a. sjå dei snitta strukturane CD, CE, CF og Ci...s.16
- Figur 6 Planteikning med anleggsspor frå undersøkingområdet. Kokegroper/eldstadar er markert med grå farge, medan stolpehol knytt til Hus I og II er markert med høvesvis brunt og grønt. Pilene indikerer sannsynlege og moglege (med '?') inngangar til langhusa...s. 18
- Figur 7 Foto teke mot nord av CB før snitting. CA kan skimtast rett bak og til venstre...s. 19
- Figur 8 Foto teke mot nord av CI (til venstre) og CF etter snitting...s. 20

1 Samandrag

Den arkeologiske undersøkinga i Dirdal, på gnr 78/bnr 2, avdekte spor etter to treskipa langhus frå folkevandringstid (dvs tidsrommet 400 - 550 e. Kr.) og eit antal kokegroper/eldstadar i nærleiken av langhusa.

Det vart opna eit undersøkingsområde på ca 600 m². I alt vart det funne i overkant av 100 anleggsspor, majoriteten av desse var stolpehol. Dei fleste stolpehola blei påvist i ein avgrensa del av feltet, like ved overgangen mellom ei flate og eit meir hellande terreng ved Dirdalsåna. Det var her langhusa hadde stått. Heile utstrekninga til bygningane blei ikkje avdekt innanfor undersøkingsområdet. Hus I har vore over 22 m langt, medan Hus II var over 11,5 m i lengderetninga. Både Hus I og Hus II hadde eldstad. Hus II kan ha hatt meir enn ein slik varmekjelde, det er uavklart om kor mange eldstadar som bør knytast til huset sin bruksperiode.

Dei treskipa langhusa vert ut i frå 14C - dateringar av trekol frå eldstadar vurdert til å ha vore i bruk i folkevandringstida. Det vart ikkje gjort gjenstandsfunn som kunne vere til hjelp for å seie noko meir om bygningane sin funksjon eller bruksperiode.



Figur 1 Foto av området ved undersøkingsfeltet. Biletet er teke mot søraust og viser delar av flata ved Dirdalsåna med sjølve det utgravde området lokalisert like til høgre om jordhaugane i bakgrunnen.

2 Innleiing

2.1 Lokalisering

Det undersøkte området ligg på gnr. 78/bnr. 2 i Dirdal i Gjesdal kommune. Det er lokalisert på ei flate like vest for Dirdalsåna. Flata er del av eit større beite - og jordbruksområde på garden. Utgravinga tok utgangspunkt i sjakt 4 og 5 frå ei registrering utført av Rogaland fylkeskommune våren 2006 (jf. 2.3.1). Ved maskinell flateavdekking vart det i august/september 2006 opna eit større felt i samband med desse sjaktene. Rett sør for feltet er det eit steingjerde som skil bnr 1 og bnr 2 (jf. vedlegg 9). Mot aust strekkjer feltet seg fram mot skråninga ned mot Dirdalsåna, i dette området finst også restane av ei bru. Mot nordaust stoppa utgravinga der flata går over i ei slak helling ned mot eit søkk/lågareliggende område. Feltet vart ikkje utvida lenger mot vest enn avgrensinga sett av den eksisterande sjakt 4.



Figur 2 Foto teke mot aust som viser maskinell flateavdekking på feltet. Feltassistent Anja Magnussen og maskinførar Svein Madland samarbeider om å fjerne dyrkingslaget. Delar av sjakt 4 frå registreringa er synleg med meir gråleg farge enn den nettopp avdekte undergrunnsmassa. Muren syner grense mot gnr 78 / bnr 1.

2.2 Bakgrunn for undersøkinga

Gjesdal kommune ønsker å leggje vatn - og avløpsleidningar mellom Gilja (Solmoen) og Dirdal. I samband med dette har Rogaland fylkeskommune, Kulturseksjonen, utført ei kulturhistorisk synfaring/registrering langs den planlagde leidningstraséen (jf RFK 2006). Registreringsarbeidet viste mellom anna at traséen ville skjere seg gjennom eit felt med kokegroper - eit automatisk freda kulturminne. Riksantikvaren har fatta vedtak om frigjeving på vilkår om at det først vert utført ei arkeologisk undersøking på staden (jf. Riksantikvaren 2006).

2.3 Registrerte kulturminne i området

2.3.1 I planområdet

Etter ei innleiande synfaring av Rogaland fylkeskommune i oktober 2005, vart det utført eit omfattande registreringssøk i april/mai 2006: "Registreringsarbeidet bestod dels av flateavdekking langs deler av traséen, og dels undersøkelser av tidlige registrerte kulturminner og om de er i konflikt med planer om VA - anlegg Gilja - Dirdal, hvor vi undersøkte om kulturminnene var reelle, intakte eller i fare for å bli ødelagt. Metodene bestod i intervju av grunneiere, flateavdekking, håndsjakting i usikre kulturminner og visuell overflaterregistrering" (RFK 2006 v/ Morten Olsen, s. 3). Dette arbeidet påviste sju kokegroper (id. 97693), desse låg i ein avgrensa del av leidningstraséen på gnr. 78 / bnr. 2. Seks av dei låg i sjakt 5, ei var lokalisert i sjakt 4 like ved (jf. vedlegg 15). Kokegropene vart teikna i 1:50, i tillegg vart to av dei (struktur 2 og 6) snitta og dokumentert i plan og profil i 1:10. Det blei teke ut ei kolprøve frå struktur 2 i sjakt 5.

For øvrig viste registreringa at det som var notert som moglege røyser under den første synfaringa, i røynda er strukturar som stammar frå nyare tid. Ein kom også fram til at leidningstraséen ikkje ville vere i konflikt med fornminnefelt ID 34135 og ID 71829 (jf. vedlegg 8). ID 34135 med gravrøyser ligg om lag hundre meter N-NV om kokegropene. Traséen passerer det nordaustlege hjørnet av dette fornminnefeltet. Under registreringa blei det opna ei sjakt i dette området, her støyte ein berre på matjordlag og naturleg undergrunn. På ID 71829, lenger sør i dalen på gnr. 78 / bnr. 26, har det tidlegare blitt påvist kulturminner. Registreringa våren 2006 viste at alle spora etter desse no er borte, truleg har dei forsvunne på grunn av moderne pløying.

Sveinung Bang-Andersen ved Stavanger Museum rapporterte i 1967 at ein på gnr. 78 / bnr. 26 "for lang tid siden" hadde funne eit sverd av mellomaldertype i eit avlangt kammer som var skore ned i ein grusrygg, Svertingshaug. Bang-Andersen skriv at sverdet har kome bort og at grusryggen blei fjerna heilt i 1965 (jf. Topografisk arkiv, AmS).

"Om lag 30 m vest for de nyregistrerte kokegropene kjenner man til at det tidligere har ligget en gravhaug [*ID 64649, min kommentar*]. Fra det samme området er det også levert inn en rekke funn til museet. Funnene indikerer omfattende bebyggelse i eldre og sannsynligvis også i yngre jernalder. Gjenstander som kan dateres til steinalderen er også funnet i området" (Brev frå Riksantikvaren v/seniorkonsulent Isa Trøim 11.07.2006 til IVAR IKS: *Innvilgelse av søknad om inngrep i automatisk fredete kulturminner. Anlegg av vann-og avløpsledninger på strekningen mellom Gilja og Dirdal, Gjesdal kommune*).

2.3.2 I nærområdet

I 1902 gjennomførte konservator Tor Helliesen ved Stavanger Museum ei registrering av dei synlege fornminna i nedre Dirdal (frå sjøen til kapellet lenger oppe i dalen). Dette var den første systematiske og fullstendige kartlegginga av sitt slag i dette området. Helliesen påviste 35 gravrøyser; 27 som enno var bevart og spor etter ytterlegare åtte som var heilt eller delvis fjerna (jf. vedlegg 14). Majoriteten av dei låg på høgareliggande område sør om Dirdalselva. "Av Helliesens 75 år gamle beskrivelse fremgår at de fleste gravminnene var rundrøyser med tverrmål på mellom

10 og 15m og høyde varierende fra ca.0,8 til 1,8m. Flere hadde fotkjede av tetsittende steiner som synlig ytteravgrønsing, et trekk som ofte går igjen på jernaldergravfelt. I feltet var det også 4 langrøyser, opptil 30m lange og 8m brede” (Bang-Andersen 1977: 196).

I samband med utforminga av det nye økonomiske kartverket, fekk Sveinung Bang-Andersen i 1967 i oppdrag å nyregistrere fornminnefelt i Dirdal. Han oppdaga at berre åtte fanst att av dei nemnde 35 gravrøysene. I samband med dyrkingsarbeid i perioden 1930-1965 var mange røyser blitt fjerna ulovleg. Det funnmaterialet som etterkvart fann vegen frå røysene til Stavanger Museum, var lite og utan særleg informasjon om den opprinnlege konteksten: ”Bare i 5 av de ødelagte røysene fremkom det funn som senere er levert inn til museet. Funnmaterialet fra hver røys utgjøres stort sett av noen få leirkarskår og rester etter drakt - eller våpenutstyr fra folkevandringstid og vikingtid: alt sammen løsrevne enkeltgjenstander som er brakt ut av sin opprinnelige sammenheng” (Bang-Andersen 1977: 197). I midtre og øvre Dirdal (frå kapellet og innover dalen) var situasjonen for kulturminna betre i 1967, her var og er det bevart både gardsanlegg frå jernalder og fleire gravfelt. Mange av funna frå dalen er frå folkevandringstid, og Arnvid Lillehammer føreslår at også størsteparten av fornminna i dalen kan stamme frå denne perioden (Lillehammer 1977: 188).



Figur 3 Foto teke mot nordaust som syner delar av fornminnefeltet ID 34135 som ligg rundt hundre meter nord for undersøkingsområdet.

2.4 Om problemstilling og føremål med undersøkinga

Den arkeologiske utgravinga har hatt som føremål å innhente informasjon om sjølve kokegropene som kulturminner og om den konteksten dei låg i. Slike kokegropar er ofte funne i nærleiken av andre spor etter menneskeleg aktivitet og busetnad. Ei undersøking av kokegropene og eit tilgrensande areal ville difor kunne auke kunnskapen om dette området, noko som vil vere nyttig for framtidige vurderingar av eventuelt andre inngrep i nærleiken. Undersøkinga var avgrensa til sjølve arealet for den planlagde traséen og ei tilstøytande sikringsone. Denne sikringssona strekte seg frå steingjerdet i sør til kanten mot søkket i nord.

3 Om historia til staden og ei skildring av terrenget og objekta

3.1 Historia til staden

Fram til siste halvdel av 1800-talet fanst det mange synlege kulturminner i både nedre og øvre Dirdal. Gravhaugar og gravrøyser og hustufter hadde vore ein del av kulturlandskapet i dalen i over 1000 år. Som nemnt i 2.3.2, vart så ein del av gravrøysene fjerna i løpet av siste halvdel av 1800-talet. Perioden med størst inngrep i kulturminna var 1930-1965, då vart meir enn 25 gravrøysar øydelagt på ulovleg vis. Berre omlag 30 meter frå dei påviste kokegropene fanst det ein gravhaug (ID 64649) som er borte i dag. Trass i at mange av spora frå fortidig busetnad er fjerna, står det klart for oss at Dirdal i jernalder og vikingtid må ha vore eit område med omfattande busetnad. Folk som heldt til her kunne ta i bruk ressursar frå både jordbruk, husdyrhald, jakt og fiske og kanskje handel med til dømes jern.

3.2 Skildring av terrenget

Undersøkningsområdet for utgravinga ligg på ei flate like ved skråninga ned mot Dirdalsåna i aust. Elva munnar ut i Høgsfjorden. Det er snakk om eit lågareliggende beite- og jordbruksområde som har vore utsett for inngrep som pløying og motorisert ferdsel (det går ein traktorveg/hjulspor frå gardstunet på gnr. 78/ bnr. 2 fram til ei no øydelagt bru over elva). Rett nord for undersøkningsområdet hallar terrenget gradvis ned mot eit søkk. Mot vest og sør strekkjer det seg eit høgdedrag i dalen, det er her majoriteten av dei registrerte, automatisk freda kulturminna ligg.

3.3 Skildring av objektet før undersøkinga

Utgravingsprosjektet tok til måndag 21.08.2006. Prosjektleiar Olle Hemdorff, feltleiar Even Bjørdal og feltassistent Anja Magnussen starta arbeidet ved først å lokalisere dei funnførande sjaktene 4 og 5 frå registreringa i april/mai 2006. Søkesjaktene låg opne, og sjølv om dei var noko grodd til, gjekk det raskt å påvise kokegropene att. Den naturlege undergrunnen var ei blanding av sand, grus og små og mellomstore steinar. Denne samansetnaden av undergrunnsmassen blei på dette tidspunktet vurdert til å vere mindre gunstig med tanke på sjansen til å finne eventuelle restar etter stolpehol i undersøkningsområdet. Det var ikkje oppdaga stolpehol under den tidlegare registreringa.

4 Tidsrom og deltakarar

4.1 Tidsrom

Utgravinga fann stad i perioden 21.08. - 14.09.2006. Rapporten vart utforma innan perioden 26.10. 2006 - 22.04. 2007 av feltleiar Even Bjørdal.

4.2 Gjennomføring, vértilhøve og tidsbruk

Den første delen av undersøkinga (21.08 - 24.08) føregjekk ved maskinell flateavdekking. Påvisning og finframrensing av anleggsspor blei utført i perioden 25.08. - 04.09., medan dei resterande dagane vart nytta til uttak av prøver, utgraving/snitting og dokumentering.

Den første veka var véret godt, utan nedbør og med innslag av sol. Deretter følgde overskya arbeidsdagar med ein god del regn, først i løpet av dei siste tre dagane av undersøkinga blei det sol att.

Det dårlege véret i delar av utgravingsperioden og den krevjande undergrunnen, saman med reduksjon av personell (jf. 4.3), medverka til at dokumentasjonsarbeidet ikkje vart optimalt. Det hadde vore ønskeleg å fått snitta, teke prøver av og detaljdokumentert anleggsspor i større grad enn det som det vart tid til. Trass i dette, har utgravinga gjeve auka kunnskap om busetnad i jernalderen i dette området.

4.3 Deltakarar

Prosjektleiar for undersøkinga var Olle Hemdorff ved Arkeologisk museum i Stavanger (AmS) og feltleiar var arkeolog Even Bjørdal. I tidsrommet 21.08 - 25.08 var hovudfagsstudent i arkeologi Anja Magnussen med som feltassistent. Deretter var så mastergradsstudent i arkeologi Benedikte Aaen med som feltassistent i to dagar, 28.08 - 29.08. I den resterande delen av undersøkinga arbeidde feltleiarane åleine på feltet.

Svein Madland frå firmaet Madland Maskin stod for dyktig bruk av gravemaskin under flateavdekkinga. Grensene for det undersøkte området vart måla inn ved hjelp av GPS - utstyr av Torhild Levang frå Gjesdal kommune onsdag 06.09 (jf. vedlegg 9 - 12).

5 Metode

5.1 Graveteknisk metode

Det aktuelle området som skulle undersøkjast, var avgrensa av: den vestlege langsida av søkesjakt 4 frå registreringa, steingjerdet mot naboeigedomen i sør, skråninga mot elva i aust og brinken ved overgangen mot søkket i nordaust (jf. vedlegg 9). Søkesjakt 4 vart forlenga til same lengde som søkesjakt 5, og den tidlegare urøyrde stripa mellom desse sjaktene blei også avdekt.

Undersøkinga blei utført ved flateavdekking med tilhøyrande handgraving, prøvetaking og dokumentasjon.

Prosessen med sjølve flateavdekkinga føregjekk ved at føraren av gravemaskina fjerna grastorv og matjord ned til overgangen mot naturleg undergrunn, medan feltleiar og feltassistent reinsa betre opp med krafse. Dei anleggspora ein støytt på undervegs i dette arbeidet, blei markert med spikar slik at ein lettare kunne finne tilbake til dei ved den seinare, meir detaljerte framreinsinga i samband med dokumentering. Den steinete undergrunnen gjorde at det var vanskeleg å fjerne all matjorda i feltet med maskin utan å drage opp og flytte på steinar som stakk opp frå undergrunnsmassa. Sidan nokre av desse steinane sannsynlegvis kunne vere del av skoningar

for stolpar i fortidige bygningar, vart det avgjort at ein skulle å gå relativt forsiktig fram og heller bruke krafse enn maskin på delar av den nedste matjordmassa. Denne avgjerda berga nok fleire steinskona stolpehol, men samstundes tok sjølve gravinga lenger tid.

Etter at den innleiande fasen med bruk av maskinkraft var over, starta ein med ei større grad av "fingraving" med krafse og graveskei. Etterkvart som anleggsspora vart påviste, fekk dei kvar si nemning med to bokstavar: AA, AB, AC osv (jf. vedlegg 2). Anleggsspora blei reinsa fram og dokumentert på planteikningar i målestokk 1:50. Deretter vart så mange som mogleg av dei snitta. For å framskaffe meir informasjon om innhald og utforming og for å ta ut makrofossil - og kolprøver, blei halvdelen av kvart anleggsspor grave bort saman med noko av den tilgrensande undergrunnsmassen. Ein fekk slik eit profilsnitt gjennom midten av objektet som viste dei bevarte forholda frå øvst til nedst. Sjølve utføringa av snittinga blei gjort med vekselsvis stikkspade og graveskei. Undergrunnsmassa var jamnt over ei blanding av grus og steinar av varierende storleik. Dette var ei tung masse å grave i, dei enkelte delane av ho hadde ein tendens til å "låse" kvarandre fast. Tidsforbruket på dette snittingsarbeidet blei difor langt større enn det ville ha vore på tilsvarande tal anleggsspor påvist i til dømes sandhaldig undergrunn.

5.2 Dokumentasjon

5.2.1 Teikning

Samtlege anleggsspor, inkludert dei som var oppdaga under registreringa våren 2006, blei teikna i plan i målestokk 1: 50 (jf. vedlegg 3). Dette gjev eit oversyn over deira lokalisering i høve til kvarandre og til sjølve undersøkingsfeltet.

Informasjon om det enkelte anleggssporet si utforming og innhald vart ført inn på eigne, standardiserte skjema ("anleggsskjema"). Dette omfatta også teikningar i plan og profil i målestokk 1:10. Anleggsspor over ein viss storleik vart teikna på større teikneark (A3- format).

I løpet av dei siste dagane av undersøkinga i felt oppstod det eit tidspress knytt til det å få snitta så mange av anleggsspora som råd. Feltleiar valde då å prioritere fleire snittingar framfor å bruke tid på å teikne detaljerte skisser av kvar profil. I staden for teikning i 1:10, vart det teke nærbilete av anleggsspora, før og etter snitting (jf. vedlegg 1).

5.2.2 Fotografering

Undervegs i undersøkinga blei det teke teke ein heil del bilete. Både lokaliseringa av feltet i terrenget, sjølve utgravingsprosessen og fleire av dei påviste anleggsspora vart dokumentert ved hjelp av fotografering. Det vart hovudsakleg nytta eit digitalt speglreflekskamera av typen Nikon D50. Alle bileta er tekne av feltleiar Even Bjørdal. Som nemnt under 5.2.1, vart fotografering nytta som dokumentasjonsmåte i staden for detaljerte skisser i samband med snitting av anleggsspor. Fotolista innheld 61 bilete frå utgravingsområdet.

5.2.3 Innsamling av prøver

Frå nokre av anleggsspora vart det henta ut prøver av fyllmassa til naturvitskapeleg analyse. For å unngå forureining frå andre kjelder, vart prøvene teke frå masse som låg minst 5 cm under

den framreinsa overflata. Jordprøvene vart flotert ved Arkeologisk museum i Stavanger. 14C-datering av bitar av forkola tre frå eldstadane Ci, DA og CB (jf. vedlegg 6 og 7) viser ein bruksperiode i folkevandringstid (jf. 10.3). Frå registreringa våren 2006 (RFK 2006) var det allereie samla inn ei kolprøve frå kokegropa struktur 2 (dokumentert som DM i denne rapporten) i sjakt 5, men denne prøva er ikkje sendt til datering.

5.2.4 Funn

I CA (kokegrop/eldstad, ikkje snitta) vart det funne ein slagglump (fnr. 1, jf. vedlegg 4). Denne vart påvist ved framrensing av anleggssporet; slaggen sat fast i masse tilhøyrande CA og stakk delvis opp av overflata av denne strukturen.

5.2.5 Innmåling

Etter maskinell flateavdekking og framrensing med handkraft, vart det oppretta eit lokalt målesystem til bruk ved den teikna dokumentasjonen av feltet.

Det vart strekt ei rett line langs den vestlege kanten av undersøkingsområdet, dette var x-aksen. Aksen steig såleis mot N-NV. Med utgangspunkt i denne lina, blei det så ved hjelp av "pythagoras" oppretta ei ny line som stod i rett vinkel ut i frå x-aksen. Denne lina, y-aksen, gjekk ved den sørlege enden av feltet, i retning Ø-SØ (jf. vedlegg 10). Origo vart sett til 10x, 10y. For annankvar meter langs x-aksen (14x, 16x, 18x osv.) vart det oppretta nye liner parallelt med y-aksen. Utgangspunkta for desse linene blei markert ved å slå bitar av armeringsjern godt fast i bakken. For å dobbeltsjekke at linene verkeleg danna rette vinklar i høve til x-aksen, vart diagonalar mellom dei undersøkt.

Målesystemet og ytterkantane av undersøkingsområdet vart målt inn ved hjelp av GPS-utstyr av Torhild Levang, tilsett i Gjesdal kommune. Slik kan feltet relaterast til eksisterande kartverk over Dirdal (jf. vedlegg 9 - 12).

5.3 Om utføringa av undersøkinga

Arbeidet i felt starta 21.08. 2006 (jf. 4.1). Etter ei innleiande synfaring på staden og vurdering av tilhøva (jf. 4.2), sette ein i gong med maskinell flateavdekking. Føraren av gravemaskina, Svein Madland, hadde delteke ved gravinga av søkesjaktene 4 og 5 her under registreringa i april/mai 2006. Denne erfaringsbakgrunnen var med på å gjere at samarbeidet mellom maskinførar og arkeologar fungert godt frå første stund.

Avdekkinga med hjelp av maskinkraft vart utført over fire dagar, fram til 25.08. Det vart opna eit felt på om lag 600 m². Tjukklikeken på dyrkingslaget vart gradvis mindre frå vest mot aust (jf. 6.1.2). Det er utan tvil relevant det Søren Diinhoff skriv om dyrka flater ved elveløp: "Den forhistoriske jordbrugsbosætning lokaliserer seg på veldrænet jord. På flader langs elvløb og terrasser kan dette være en sandet jordbund, men der er også lokaliteter som ligger på stenet og vanskelig undergrund. Her bliver fladeafdækning et tungt arbejde og hænger man ikke i og får manuelt rensed op imellem sten, så står man igjen med en vanskelig brugbar flade" (Diinhoff 2005: 69). Det var enkelte stadar krevjande å få fjerna mest mogleg av dyrkingslaget med maskina utan å

rive laus delar av den steinete og kompakte undergrunnen. I eit område aust på feltet gjekk ein nok litt for djupt med grabben. Dette kan vere ein del av forklaringa på at stolpehol påvist her (knytt til Hus I) var grunnare og meir uklare enn i dei tilstøytande områda (jf. 8.2). Noko lenger sør vart det avdekka eit areal med eit tydeleg innslag av brent materiale i overgangen mellom dyrkingslag og undergrunn. Vidare utgraving med handkraft viste at det i dette området fanst fleire eldstadar (jf. 8.3).

Etter at gravemaskina hadde gjort grovarbeidet, følgde ein periode (25.08.-04.09.06) der feltleiar og feltassistent konsentrerte seg om å rense bort det som låg att av dyrkingsjord og omrota masse frå øvst i undergrunnen. Ein føretok også ei noko grundigare framrensing i søkesjaktene 4 og 5 enn det som opprinneleg var gjort under registreringa våren 2006. I alt vart det frå heile feltet funne i overkant av 100 anleggsspor (dette omfattar både sikre og moglege, jf. vedlegg 2). Det synte seg etterkvart eit mønster i lokaliseringa av anleggsspora: dei fleste stolpehola låg i samband med grov undergrunnsmasse av grus og stein aust på feltet, like før flata gjekk over i ei helling mot eit søkk i nord og mot elva lenger aust. Det verkar å ha vore to bygningar med takberande stolpar her, Hus I og II (jf. fig. 6, s. 18).

Den siste delen av undersøkinga (05.09.-14.09.06) vart brukt til å dokumentere undersøkingsområdet ved å utforme planteikningar i målestokk 1:50 og ved foto, til innsamling av meir detaljert informasjon om det enkelte anleggssporet (utfylling av anleggssporskjema, detaljskisser i målestokk 1:10 av plan og profil, foto) og til uttak av prøver (jf. 5.2.3). Onsdag 06.09.06 vart undersøkingsområdet målt inn ved hjelp av GPS-utstyr (jf. 5.2.5).

6 Om stratigrafi og kjeldekritiske aspekt

6.1 Stratigrafiske tilhøve og funnfordeling

6.1.1 Horisontalt

Det undersøkte feltet låg i eit område med dyrka mark som var i bruk til grasproduksjon og som beite for sau. Dyrkingslaget strekte seg over heile det aktuelle arealet. I eit avgrensa område søraust på feltet støytt ein ved avdekkinga på eit omfattande innslag av brent masse (kol, oske) i den nedste delen av dyrkingslaget.

Den naturskapte undergrunnsmassa i undersøkingsområdet var hovudsakleg av to typar. På mesteparten av feltet fanst det under dyrkingslaget ei kompakt blanding av steinar (frå små til hovudstorleik) og grus. Det rike innhaldet av stein gjorde det til tider vanskeleg å vurdere om steinar var lagt ned intensjonelt som skoning for stolpar eller om lokalisering deira var eit resultat av naturskapte prosessar. Om lag der terrenget begynte å halle noko nedover mot eit søkk i nord, skjedde det eit skifte av undergrunnsmasse. Det var eit klart skilje mellom grus/stein i vest og fin, lys sand med enkelte småsteinar lengst aust (jf. fig. 5, s. 16 og fig. 6, s. 18). Alle stolpehola knytt til dei treskipa langhusa er påvist innanfor arealet med grus/stein.

6.1.2 Vertikalt

Dyrkingslaget som dekte undersøkningsområdet var jamnt over ca 30 - 40 cm tjukt. Laget vart gradvis klart tynnare mot den søraustlege delen av feltet, her var tjukkeleiken berre ca 10 cm. Terrenget steig noko frå flata i vest mot toppen av skråninga ned mot Dirdalsåna i aust. I dette området ligg den no øydelagde brua over elva. Det er mogleg at konstruksjonen av og ferdseilen over ho kan ha påverka tilhøva i bakken her, men det var ingen klare spor etter slike forstyrringar.

Under dyrkingslaget var det undergrunnsmasse (jf. 6.1.1). Det vart ikkje undersøkt nærmare kor djupt dei to typane av undergrunn gjekk, eller om den eine av dei delvis låg over den andre. Ved snitting av anleggsspor vart det enkelte stadar grave meir enn 20 cm ned i undergrunnsmassa, i samband med stolpeholet CF så mykje som 40 cm. Det vart ingen av desse stadane observert noko nemnande endring av innhaldet i undergrunnen.

Dei fleste anleggsspora frå undersøkinga er stolpehol (90 av i alt 106). "Stolpehol" er her nytta som omgrep i ei vid tyding, det famnar i røynda fleire prosessar; både nedgravinga for stolpen, fyllmasse (som stammar frå sjølve den nedbrotne stolpen eller som er redeponert kulturlag som viser kvar stolpen stod før han blei fjerna), og eventuelle restar av steinskoning for stabilisering av stolpen. Dei stolpehola som er tolka til Hus II, var jamnt over tydelegare og meir distinkte enn dei som høyrer til Hus I lenger nord på feltet. Fyllmassen verka mørkare og mindre utvaska i Hus II enn i Hus I. Fleire av stolpehola knytt til Hus I var relativt utydelege på overflata og verka grunne, men dessverre vart det ikkje tid til å snitte desse. I alt vart det snitta sju stolpehol knytt til Hus I og åtte stolpehol tilhøyrande Hus II. Forma på stolpehola i undersøkningsområdet varierte ein del. Men det vanlegaste var relativt steile sider som leia ned mot ein rund eller tilnærma flat botn (jf. vedlegg 14). I fleire av stolpehola var det innslag av kol og skjørbrent stein i fyllmassa. Det var også utbreidd med ubrent stein av ulike storleikar. Fyllet i stolpehola var i stor grad einsarta frå topp til botn, det lét seg ikkje gjere å skilje ut klare lagdelingar/sjikt i fyllmassa.

6.1.3 Funnfordeling

Det blei gjort éitt funn i løpet av undersøkinga. Det var ein liten slagglump frå anleggsspor CA (jf. 5.2.4, 7.1 og vedlegg 4).

6.2 Kjeldekritiske aspekt

Kjeldekritikk dreier seg om å vere medviten om ulike moment som kan ha innverknad på utsegnskrafta til eit utvalt og innsamla materiale.

Ei kjeldekritisk utfordring ved metoden med maskinell flateavdekking er knytt til den heller brutale effektiviteten gravemaskina står for (jf. Diinhoff 2005: 71): i overgangsnivået mellom dyrkingsjord og undergrunn kan det finnast restar frå fortidige aktivitetar, til dømes gjenstandar, kulturlag, flatmarksgraver, ardspar og vegggrøfter. Ved undersøkinga i Dirdal vart det ikkje påvist innslag frå nokon av desse nemnde kategoriane. Undervegs la ein vekt på å fjerne dyrkingsjorda gradvis ved å skrape ho av i fleire omgangar/drag. I eit område på feltet, mellom stolpehol AH i sør og AM i nord, grov maskina noko for djupt. Det medførte at det blei meir krevjande å påvise stolpehol her.

Grunna tidspress vart det mot slutten av undersøkinga naudsynt å gjere prioriteringar som fekk konsekvensar for dokumentasjonsarbeidet. Berre eit mindretal av stolpehola vart snitta (17 av 90). Av desse 17 vart sju dokumentert ved både teikning og foto av plan og profil, dei resterande 10 berre ved foto. Sidan det for det meste var stolpehol lokalisert sør på undersøkingsområdet som blei snitta, vart dokumentasjonen av Hus II noko grundigare enn for Hus I.

Ein trasé for traktorkøyring gjekk over delar av feltet og fram til ei bru (no øydelagd av flaum) over Dirdalsåna (jf. vedlegg 9). Hjulspora etter traktoren hadde grave seg noko ned i dyrkingsjorda, men det synest ikkje som at dette hadde påverka anleggsspora i nemnande grad.

Sidan både Hus I og Hus II truleg har halde fram utanfor undersøkingsområdet (høvesvis mot nordvest og søraust), kjenner ein ikkje til den totale lengda til husa. Det er likevel ikkje tvil om at det er snakk om treskipa langhus.



Figur 4 Foto teke mot sør-søraust som viser feltet i høve til Dirdalsåna og den øydelagde brua.

7 Funnmateriale

7.1 Funnmengde, funnkategoriar og materialtypar

Det blei gjort éitt funn i løpet av undersøkinga, ein slagglump (Fnr. 1, S 12264a) frå anleggsspor CA (jf. vedlegg 4). Han veg 10,7g og gjev ikkje synleg utslag ved undersøking med magnet.

8 Skildring av anlegg / strukturar

8.1 Innleiing

I løpet av undersøkinga vart det påvist stolpehol, kokegroper/eldstadar, og minst to eldstadar brukt inne i hus. Desse to eldstadane tilhøyrer kvar sitt langhus; DA til "Hus I" og Ci til "Hus II" (jf. fig. 6, s. 18). Dei andre kokegropene/eldstadane var grovt sett lokalisert til to områder; vest og aust om Hus I. I tillegg kjem nokre innanfor arealet til Hus II (jf. 8.3).



Figur 5 Foto teke mot nord som syner den delen av det undersøkte området som inneheldt anleggsspor knytt til Hus I og II. Ein kan m.a. sjå dei snitta strukturane CD, CE, CF og Ci.

8.2 Hus I

Dette er det nordlegaste av dei to husa på feltet (jf. fig. 6, s. 18). Det treskipa langhuset har truleg strukke seg lenger mot nord enn det som vart avdekt innanfor det undersøkte området, dvs. at Hus I nok var over 22 meter langt. Det er berre få og grunne spor etter moglege veggstolpar, og difor er det vanskeleg å konkludere sikkert om breidda til Hus I. Mellom austre og vestre stolpe i dei takberande stolpepara (grindene) er det jamnt over 2,5 - 3 m. I alt er ti par takberande stolpar/ti grinder knytt til denne treskipa bygningen. I tillegg kan stolpeholet EC ha vore del av ei grind.

Det synest å vere eit mønster i at det er ein avstand på 2,7 - 3 m mellom samtlege av stolpepara/grindene (sett frå nord mot sør) AP-AS, AN-BM, AM-CY, AK-BH, AJ-BJ og AH-BG. Det er

nokre stolpepar/grinder som bryt i høve til dette; AT-DR mellom AP-AS og AN-BM, Ai-EH mellom AJ-BJ og AH-BG, og i tillegg dei to sørlegaste stolpepara/grindene AE-AG og AA-AD. Det kan ikkje utelukkast at kombinasjonen av vanskeleg og steinete undergrunn og noko for brutal graving med maskin kan ha medført at nokre stolpar ikkje vart påvist i den midtre delen av huset. For øvrig er det ikkje uvanleg med utskiftingar av stolpar i slike langhus, og bygningen kan også ha hatt meir enn ein fase i bruken. Lengst sør i Hus I ligg stolpeparet AA-AD. Begge stolpehola er tydelege i plan, og snitting viste at AA var 25 cm djup i profil medan AD var 18 cm djup. Det bør såleis ikkje vere noko tvil om at det verkeleg har stått stolpar her. Trass i at dei er plassert noko skeivt i høve til dei andre grindene i Hus I, vert AA og AD tolka til å tilhøyre denne bygningen.

Hus I har hatt minst to inngangar, begge desse er på vestsida. Dørstolpeparet BQ-BR ligg om lag ved midten av det framgravde Hus I. Den andre inngangen ligg ved sørenden av huset og omfattar dørstolpeparet BS-BT. Det er vanskeleg å seie om dørene var i bruk samstundes eller om dei tilhørde ulike bygningsfasar. Ingen av stolpehola knytt til desse inngangane vart snitta, men anleggsspora var distinkte i plan med omsyn både til storleik og fyllmasse.

Det er fleire andre stolpepar som ut i frå plasseringa si *kan* ha vore knytt til inngangar; AF-BU på vestsida og AB-AY og BA-BB på austsida. AF er dokumentert både ved teikning og foto i plan og profil (jf. vedlegg 1 og 13). Anleggssporet var ca 50 cm i tverrmål i plan, men det mørke, humushaldige fyllet viste seg å vere berre ca 8 cm djupt i profil. Dei fem andre nemnde stolpehola er ikkje snitta, men dei var mindre distinkte i plan og verka grunnare enn BQ-BR og BS-BT. Det er såleis uavklart om AF-BU, AB-AY eller BA-BB verkeleg er restar frå inngangsparti til Hus I.

I den nordlege delen av Hus I, om lag 1,5m frå utgravingsgrensa, ligg DA (jf. fig. 6, s.18). Dette anleggssporet inneheldt kol og skjorbrent stein. Det er lokalisert langs midtaksen i Hus I og vert tolka til eldstad i denne bygningen. Det hadde vore ønskeleg å få "lukka inne" eldstaden i huset ved å påvise takberande stolpar også på nordsida av DA, men det vart ikkje høve til å utvide feltet lenger i den aktuelle retninga.


Då utgravinga var over, blei det feltet frigjeve slik at arbeidet med traséen for vatn- og avlaupsleidningar kunne ta til. Den 22.10. 2006 var feltleiar Bjørdal ved det undersøkte området. Han oppdaga då at gravearbeid i samband med traséen hadde avdekket delar av ytterlegare ei kokegrop eller ein eldstad (jf. vedlegg 1). Denne strukturen låg nokre meter NV om eldstaden DA, dvs like utanfor det undersøkte feltet. Dette tyder på at det finst fleire anleggsspor i samband med flata N-NV om undersøkingsområdet.

8.3 Hus II

Denne treskipa bygningen ligg rett sør om Hus I. Berre ca 11,5 m av Hus II vart avdekt. Bygningen har truleg halde fram vidare mot søraust, utanfor utgravingsgrensa.

Det vart påvist tre par med takberande stolpar (rekna frå nord mot sør); BW-BX, CC-CE, og CL-CN. Det er ca 4,2 - 4,3 m mellom kvar av desse tre stolpepara/grindene. Den innbyrdes avstanden mellom stolpehola innan kvar grind er ca 2,5 m. I tillegg ligg stolpehola CH og CP langs den vestlege rekkja av takberande stolpar i Hus II, men både i storleik og lokalisering skil dei seg ut.

Det vart ikkje påvist spor etter veggstolpar tilhøyrande dette huset.



Figur 6 Planteikning med anleggsspor frå undersøkingsområdet. Kokegroper/eldstadar er markert med grå farge, medan stolpehol knytt til Hus I og II er markert med høvesvis brunt og grønt. Pilene indikerer sannsynlege og moglege (med '??') inngangar til langhusa.

Bygningen har hatt to inngangar, ein på kvar langsida. Desse er motstilte; CQ-CR i vest og BY-BZ i aust.

Eldstaden Ci ligg plassert midt i eit tenkt diagonalkryss mellom grindene CC-CE og CL-CN. I tillegg til Ci vart det innanfor Hus II påvist fire andre anleggsspor som inneheldt klart eldpåverka masse: CA, CB, CD og CF. Dette er truleg små eldstadar.

CA vart dessverre ikkje snitta og er berre dokumentert på planteikninga i 1:50. Men den brende massa verka å vere omkransa av ein del mellomstore steinar (jf. fig. 6, s. 18 og fig. 7, s. 19).

CA og CB synest i plan relativt like både i form og i innhald. Det var frå den reinsa overflata av CA det vart funne ein slagglump (fnr.1, S 12264a). Anleggsspora CA og CB ligg, på liknande vis som eldstad Ci, langs ei tenkt midtline mellom dei to rekkjene av takberande stolpar i Hus II. CB er tilnærma i diagonalkrysset mellom grindene BW-BX og CC-CE.

CD har delvis kutta den takberande stolpen CE og er såleis etter alt å døme yngre enn Hus II (jf. vedlegg 1).



Figur 7 Foto teke mot nord av CB før snitting. CA kan skimtast bak og til venstre.

Foto og teikning av profilane til eldstad Ci og anleggsspor CF (jf. fig.8, s. 20 og vedlegg 13) indikerer at det er mest storleiken som skil dei - det er stor likskap når det gjeld typen av fyllmasse. Det er ikkje uvanleg å finne mindre eldstadar lokalisert på liknande vis som CF, dvs. asentralt mellom grunder (jf. t.d. Børsheim & Soltvedt 2002: 42-43, 58-59, 83-84, 157-158).

Omtalen ovanfor av CA, CB, CD og CF er meint å vise at det ikkje kan utelukkast at ein eller fleire av eldstadane i røynda har fungert i samband med Hus II.



Figur 8 Foto teke mot nord av CI (til venstre) og CF etter snitting

8.4 Fleire fasar i langhusa ?

